



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anne Christine Knag, +47 55572067

Vår dato  
13.07.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/9034 461.3  
Dykkar referanse

Biomega AS  
Skaganeset  
5382 SKOGSVÅG

### Rapport frå inspeksjon ved Biomega AS 28. juni.2016

Rapportnummer: 2016.023.I.FMHO

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Souhila Dif  
Jan Arne Vevatne  
Bianca Smith Skutle  
Tore Silden

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Sissel Storebø  
Astrid Holte  
Anne Christine Knag

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 3 avvik og har gitt 1 merknad under inspeksjonen innan følgjande tema:

- internkontroll
- farleg avfall
- utsleppsløyvet

Avvika og merknaden er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Biomega AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **31. desember 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Sissel Storebø  
senioringeniør

Anne Christine Knag  
overingeniør

*Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: Sund kommune

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Biomega AS	<b>Risikoklasse:</b> 3
<b>Besøksadresse:</b> Skaganeset 15, 5382 Skogsvåg	
<b>Postadresse:</b> Kontorsenteret DOF, 5392 Storebø	
<b>E-post:</b> <a href="mailto:contact@biomega.no">contact@biomega.no</a>	<b>Telefon:</b> 489 90 268
<b>Kommune:</b> Sund	<b>Organisasjonsnr.:</b> 983 090 842
Bransjenr. (NACE-kode): 10.209 Slakting, bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer elles	<b>Eigar (org.nr.):</b> 982 951 879
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 27.05.2011	<b>Siste tilsyn:</b> 15.06.2012

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Inspeksjonen er ein del av vår tilsynsplan for 2016.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- internkontroll med vekt på miljørisikovurderingar, avvikshandtering og skriftlige rutinar for det ytre miljø
- utsleppskontroll av vatn
- utslepp til luft
- handtering av avfall, farleg avfall og biologisk avfall
- handtering av kjemikal
- krav i utsleppsløyvet av 27. mai 2011

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan **31. desember 2016** sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med billedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan **31. desember 2016**, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

## 4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varslet i e-post 21. juni 2016 at Biomega AS vil få eit gebyr på 12 500 kroner for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Dette er gebyrsats 3. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

Verksemda har rett til å klage på val av gebyrsats innan tre ukar etter at dykk har fått denne rapporten, jf. forvaltningsloven § 28. Klagen må innehalde den eller de endringane dykk ønsker. Den bør være grunnlagt og skal sendast til Fylkesmannen.

## 5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på [www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland), jf. offentleglova.

## 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- løyve av 27.mai 2011

Informasjon om regelverket finn de på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

## Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø

#### Avvik frå:

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 6 og 7
- Løyve etter forureiningslova, punkt 2.6
- Forureiningsforskrifta § 18 (tanklagringsforskrifta)

## **Kommentarar til regelverket:**

### *Internkontroll*

Et internkontrollsystem skal sikre at verksemda overheld krava som er satt i forureiningslova, i produktkontrolllova og relevante forskrifter. Både arbeidet med risikovurdering og rutinar skal vere skriftlig. Skriftlige rutinar bidrar til å sikre at alle ledd i organisasjonen har same informasjon.

### *Skriftlege rutinar*

Verksemda skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift.

Arbeidsrutinar må være dokumenterte slik at de kan inngå i internkontrollen.

Rutinar for farleg avfall skal sikre at alt farleg avfall blir handtert i tråd med gjeldande regelverk. Verksemda bør ha ein oversikt over alt farleg avfall som oppstår i drifta. Rutinane bør også innehalde opplysningar om kvar og korleis farleg avfall skal lagrast, merkast, leverast og deklarerast og kven som er ansvarlig for dette. Sjå avfallsforskrifta kapittel 11.

### *Risikovurdering*

Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining for si daglege drift.

Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderinga, må det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikoen. Det må òg etablerast rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket.

Risikovurderinga skal utarbeidast i samarbeid med dei tilsette. Dette er viktig for at alle skal få eigarskap til prosessen, og for at alle farar skal bli vurdert. Prosesser som bør være med i risikovurderinga til verksemda for ytre miljø, er mellom anna:

- Tidlegare hendingar
- Mulige/sannsynlige hendingar
- Hendingar som mest sannsynlig ikkje vil skje, men der konsekvensen er stor om det skjer

Risikovurderingar skal gjerast jamleg, til dømes når det skjer endringar i verksemda, i utsleppsforhold og i regelverk eller ved skifte av utstyr og kjemikaliar.

I samband med risikovurderinga skal det utarbeidast ein handlingplan med risikoreduserande tiltak, med fristar for gjennomføring og ansvarleg for gjennomføring.

### *Tanklagring*

Kapittel 18 i forureiningsforskrifta gjeld for tankar for petroleumsprodukt på meir enn 10 m<sup>3</sup>. For andre farlege kjemikal (til dømes ensilasje tilsett >2 % maursyre) og farleg avfall gjelder kapitlet for tankar over 2 m<sup>3</sup>. Miljørisikoanalysen skal omfatte alle forhold ved tanklagring i verksemda. Den ansvarlige for lagringa skal til ein kvar tid kunne dokumentere at krava i kapittel 18 i forureiningsforskrifta er oppfylt.

### *Avvikshandtering:*

Verksemda må ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Dette inneber blant anna å ha eit aktivt avvikssystem.

Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentakning av feil og manglar. Det er viktig at alt personell i alle ledd har en felles forståing om kva som skal registrerast som avvik.

### **Avvik 1 er basert på følgjande observasjonar:**

#### *Internkontroll*

Verksemda har etablert internkontroll, men han har manglar når det gjeld ytre miljø. Fylkesmannen påpekar at som grunnlag for internkontroll må det føreleggje driftsinstruksar, og det må førast ein driftsjournal for å sikre god kontroll. Dette arbeidet har starta opp for ytre miljø, til dømes prosedyre for kontroll og vask av vasketårn som ifølge prosedyren inneberer at det skal registrerast i driftsjournal for ytre miljø.

#### *Skriftlege rutinar*

Det vert utført fleire arbeidsoperasjonar som kan føra til forureining, og som det ikkje er skriftlege rutinar for. Mellom anna manglar skriftlege rutinar og dokumentasjon for

- arbeid med risikovurderingar
- drift av feittavskiljare og reinseanlegg for avløpsvatn
- handtering av farleg avfall
- substitusjon
- prøvetaking av avløpsvatn

#### *Risikovurderingar og tanklagring*

Verksemda har gjort ei risikovurdering i 2012, sist revidert 30. september 2012. Det var ikkje utarbeidet handlingsplan for å redusere risikoen for forureining til ytre miljø. Denne er mangelfull og er ikkje oppdatert, til dømes når det gjeld

- ensilasjetank og fyingstank (inkludert GassNor sin tank med gasskondensat, bilete 6)
- lukt til omgjevnadane frå ensilasje
- utandørs lagring av råstoff

#### *Manglende avvikshandtering*

Det var ingen avvik registrert i 2015, og berre to avvik på ytre miljø i 2016.

Verksemda har ingen definisjon på kva som var eit avvik og korleis dei skulle bli fylgt opp. Til dømes så opplyser verksemda at våtvaskarane med demister på toppen som slår ned dråper i vasketårnet fungerer best ved en viss temperaturforskjell ( $\Delta T$ ) i forhold til sjøvassinntaket. Når  $\Delta T$  avviker normalen, stilles sjøvass-inntaket for å gjenopprette normal  $\Delta T$ . Det førelegg ingen skriftlege prosedyrar for dette eller ein definisjon på kva som er normal  $\Delta T$  og kva som er eit avvik.

## **Avvik 2: Verksemda har manglar ved handtering av farleg avfall**

**Avvik frå:** Avfallsforskrifta, kapittel 11 §§ 11-2, 11-5, 11-8 og 11-12

### **Kommentarar til regelverket:**

*§§ 11-2 Verkeområde og definisjon av farleg avfall*

Avfallseigar har ansvar for å vurdere om avfall er farleg avfall.

*§§ 11-5 Forsvarleg oppbevaring av farleg avfall*

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte, og eigar av avfallet må gjere nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneske eller dyr.

Farleg avfall skal ikkje blandast saman med anna avfall.

*§§ 11-8 Leveringsplikt*

Farleg avfall skal leverast til godkjent mottaksanlegg minst 1 gong per år dersom den totale mengda farleg avfall overstig 1 kilo.

*§§ 11-12 Verksemda sin deklarasjonsplikt om avfallets innhald*

Farleg avfall skal deklarerast. Verksemdar som leverer farleg avfall skal gje tilstrekkelege opplysningar om avfallets opphav, innhald og eigenskapar slik at vidare handtering av avfallet kan skje på ein forsvarleg måte.

### **Avvik 2 er basert på følgjande observasjonar:**

Verksemda har ein hangar der det er lagra usortert gammalt avfall, inkludert elektronisk avfall som kan innehalde farleg avfall (bilete 1-4). Dette avfallet har blitt lagra i fleire år. Avfallet er ikkje merka med kva det inneheld.

Bark som var nytta for å samla opp hydraulikkoljesøl frå truck vart samla opp og sendt inn til avfallsmottak, men avfallet var ikkje rapportert i eigenkontrollrapport for 2015. Avfallet frå oppsamlinga var deklarerert som 80 kilo organisk avfall som inneheld farlege stoffar, men verksemda opplyser i kapittel 4.4 i eigenkontrollrapporten at det ikkje ble levert avfall i 2015.

### **Avvik 3: Verksemda stettar ikkje vilkår i utsleppsløyvet**

**Avvik frå:** Utsleppsløyvet etter forureiningslova datert 27. mai 2011

- a) Verksemda tar imot ensilert silgods utan løyve, jf. punkt 1 i løyvet
- b) Verksemda har ikkje måleprogram for kontrollmåling av utslepp til vatn, jf. punkt 11.2 i utsleppsløyvet
- c) Verksemda har ikkje gjennomført prøvetaking i samsvar med løyve, jf. punkt 11.3 i løyvet
- d) Utsleppsreducerande tiltak, jf. punkt 3.3 i løyvet

#### **Kommentarar til punkt a:**

Punkt 1 i løyvet omtalar produksjonsrammer, og tillét totalt 60 000 tonn for mottak og foredling av innmat og avskjer frå lakseslakteri per år. Verksemda oppgjer sjølv at maks kapasitet på anlegget er 35 000 tonn råstoff per år, og er dermed innanfor løyvet med omsyn til mengde råstoff.

Verksemda oppgjer at råstoff inkluderer motteken risp frå andre verksemder til ensilasjeproduksjon. Risp er ikkje inkludert i råstoffa det er gitt løyve for. Biomega AS har ikkje ein spesifikk løyve til dette mottaket og vidare foredling av dette. Verksemda antok at dette var dekkja under kategoriar allereie omtalt i løyvet. Verksemda oppgjer at dei tar imot om lag 1500 liter dagleg / 30 tonn i månaden med ensilert silgods (risp), og det blir målt pH og feitt i ensilasjen ved mottak. Dersom verksemda skal fortsette å ta imot risp må det søkast om oppdatering av løyve frå Fylkesmannen, som da vil vurdere behov for vilkår med tanke på avgassar og lukt i frå handteringa av risp.

#### **Kommentarar til punkt b:**

Verksemda har ikkje måleprogram for kontrollmåling av utslepp til vatn som syner korleis målingane vert utført. Måleprogrammet skal mellom anna vise målemetode, prøvetakingsmetode, måleperiodar, samt utrekningar og utsleppsfaktorar som vert nytta.

Verksemda har ein analyseplan, men manglar måleprogram. Verksemda skal ha eit måleprogram som skal omfatte alle dei komponentane som er regulert i løyvet. Også andre komponentar som er rapporteringspliktige skal inngå i måleprogrammet. Dette er omtalt nærare i Miljødirektoratet si rettleiar til verksemdene sin eigenrapportering via Altinn. Rettleiaren finn du her:

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M6/M6.pdf>

Måleprogrammet skal beskrive og grunngje:

- frekvens for prøvetaking som sikrar representative prøver
- dei ulike trinna for målingar
  1. metodar for volumstrømmåling
  2. prøvetaking
  3. analyse
  4. utrekning og rapportering av utslepp

Verksemnda må redusere feilmarginane ved målingane mest mogleg, og ha eit bevisst forhold til usikkerheten i tallane som vert rapportert, til dømes usikkerheten i målarer på vassprøvestasjonen, ref. punkt 11.2 i løyvet. Merk at det også i løyvet, punkt 11.4 er stilt krav til at verksemnda skal peika på og kommentere usikkerheit i datamaterialet. Verksemnda bør ha ei god vurdering av kvar prøvene av avlaupsvatn skal tas for å sikre representative prøver.

**Avvik b er basert på følgjande observasjonar:**

- manglande måleprogram for prøvetaking av prosessavløpsvatn og feitt
- det vert opplyst at utsleppsmålaren i vannprøvestasjonen (bilete 5) vert tetta igjen dersom den ikkje vert spylt manuelt med jamne mellomrom, og er dermed en stor kjelde til usikkerheit og feilmålingar
- målingane for avløpsvatn blir tatt på blanding av vatn frå vasketårn og prosessavløpsvatn, og vassmengda vert utrekna og ikkje målt

**Kommentarar til punkt c:**

Punkt 11.3 i set krav om minimum 6 årlege målingar av prosessavløpsvatn.

Pkt 11.3 i løyvet set krav til måling av feittinnhald på blandingsprøver tatt med 5 minuttars mellomrom.

**Avvik c er basert på følgjande observasjonar:**

- eigenkontrollrapportering 2015 visar 4 målingar
- per dato for tilsyn var det ingen godkjente\* målingar gjennomført i 2016
- feittprøvar vert tatt som døgnblanda prøvar

\* Analyseresultat frå vatnprøvetaking vert lagt inn i verksemnda sitt styringssystem (DASH). Det er berre gjennomført ein måling i 2016. Denne var gjennomført i april og viste høge verdiar for suspenderte partiklar (4300 mg/L) og feitt (1200 mg/L). Dette ble avvikshandtert i DASH og prøven vart vurdert å ikkje vere representativ, då det var mykje smuss i prøvene. Ny prøve vart teken etter manuell skyljing av prøvetakar. Ved tilsyn var denne prøven enda ikkje sendt til analyse.

**Kommentarar til punkt d:**

I utsleppsløyvet punkt 3.3 er det stilt krav om utsleppsreducerande tiltak, mellom anna skal prosessavløpsvatn, bløggevatn og skyljevatn fråskilljast i sjølvreinsande sil med maksimum 0,3 mm effektiv lysopning.

**Avvik d er basert på følgjande observasjonar:**

Verksemnda oppgjer at effektiv lysopning er 1,0 mm, og ikkje 0,3 mm som er i tråd til løyvet.

## **8. Merknader**

Vi har gitt 1 merknad under inspeksjonen:

### **Merknad 1: Rutine for vask av feittskiljar vert ikkje fulgt**

Det ligg føre intern rutine på at feittskiljaren skal vaskast 1 gang i veka, men verksemda oppgjer at dette vert gjort sjeldnare (i snitt 1 gang per 2 uke). Vask av feittskiljaren er et tiltak for å hindre lukt som er eit krav i løyvet.

## **9. Andre forhold**

Verksemda held på å implementere eit nytt styringssystem, Landax. Målsetninga er at også ytre miljø skal inkludrast i denne innan utgongen av 2017.

Verksemda planlegg eit energieffektiviseringsprosjekt i samarbeid med AMOF Fjell.

Verksemda er i ein oppkjøpsprosess og vil ha ny eigar i nær framtid.

Vi observerte tank med kondensat, samt reservetank med diesel på området (bilete 6 og 7). I punkt 4 i utsleppsløyvet står det at brenselet består av naturgass. Verksemda nyttar ikkje naturgass, men kondensat frå Kårstø. Ved revisjonsstans og liknande på Kårstø nyttar Biomega AS diesel. Verksemda oppgjer at dette inntreffer om lag ein gong årleg.

## **10. Bilete**

Bilete teken av Fylkesmannen under tilsynet, 20. juni 2016.



Bilete 1-4 . Usortert avfall lagra i hangar



Bilete 5. Målestasjon for vatnprøvar



Bilete 6 og 7. Drivstoff består av kondensattank og dieseltank.